

# AVTALE

## MELLOM

### LINDÅS KOMMUNE OG LINDÅS KULTURRÅD



**Bakgrunn for avtalen :**

Lindås kulturråd ( frå no av omtala som **kulturrådet** ) og Lindås kommune har felles mål og verdiar for å leggje til rette for eit rikt kulturliv i kommunen basert på frivillig arbeid og gode kår for frivillige lag og organisasjonar innan kulturfeltet, som ikkje høyrer inn under idrettsrådet i kommunen.

Ein formell samarbeidsavtale er med på å styrke samspelet mellom kulturrådet og kommunen. Gjensidige krav og forventningar og forståing for kvarandre sitt arbeid og synspunkt vert avklart gjennom avtalen.

**1. Avtalepartnar:**

***Kulturrådet:***

Kulturrådet si primære oppgåve er å vere bindeledd mellom frivillige lag og organisasjonar innan kulturfeltet og kommunen, og arbeide for best moglege vilkår for kulturen i kommunen.

I følgje kulturrådet sine vedtekter skal kulturrådet arbeida for å:

- a) styrke kulturen si rolle og rammevilkår i kommunen og lokalsamfunnet
- b) vere ein høyringsinstans for kommunen i ulike kulturspørsmål, både administrativt og politisk.
- c) vere eit samarbeidsorgan for å setje opp ein kulturkalender for aktuelle aktivitetar i kommunen.
- d) kunne ha uttalerett om fordelingsnøkkelen for kommunale driftstilskott knytta til kultur, jfr eigen separat samarbeidsavtale.
- e) vere ein arena for samarbeid mellom ulike organisasjonar, lag- og foreiningar. Jfr. §1
- f) oppfordra lag og organisasjonar til å finna kandidatar til kulturprisen og eventuelt andre prisar, stipend og legat innan kulturføremål.
- g) vere informasjons- og rådgjevningsorgan for lag og org., publikum, kommune og kulturlivet
- h) assistere jury og utval med sin kompetanse ved val av prisvinnarar innan kulturfeltet

**Lindås kommune:**

Rådmannen har øvste formelle ansvar for alle administrative område i kommunen, inkludert kultur. Dei folkevalde prioriterer mål og prinsipp gjennom kommunen sin kulturplan, og avgjer omfang, kvalitet og fordeling.

**2. Samarbeidsrutinar :**

- 2.1. Kulturrådet skal verte forelagt einskildsaker og faste årlege saker som vedkjem kulturlivet i kommunen, og gje uttale til desse.
- 2.2. Faste årlege rutinar mellom kultureininga i kommunen og kulturrådet :
  - Kulturrådet er høyringsinstans i samband med rullering og revisjon av kommunen sitt planarbeid, relevant for kulturfeltet
  - Kulturrådet gir råd i samband med tildeling av kulturmidlar, før rådmannen fremmer sitt forslag til vedtak i levekårsutvalet.
- 2.3. Kommunen sine lokalar kan etter avtale verte nytta til møteverksemid i regi av kulturrådet
- 2.4. Referat frå møter i kulturrådet vert sendt til kultureininga til orientering. Når kommunen sende ut generell informasjon til kulturrelatert aktivitet, vert denne også sendt til kulturrådet til orientering.
- 2.5. Kommunen stillar til rådvelde administrativ ressurs (sekretariat).
- 2.6. Ved hovudtildelinga av kulturmidlar skal søkerne om kulturstøtte, med innstilling frå rådmannen, sendast Lindås kulturråd for uttale.
- 2.7. Administrasjonen i Lindås kommune skal i så stor grad som mogleg syta for at rådet har minimum ein månad til si handsaming av saker.

**3. Endring av avtalen :**


Avtalen er inngått ..... og gjeld inntil vidare. Den skal evaluerast etter to år og kan reviderast når ein av partane finn det naudsynt. Kvar av partane kan sei opp avtalen skriftleg med 6 månaders varsel.

Lindås, - 2017

for Lindås kommune

for kultureininga

for Lindås kulturråd

  
Astrid Aarhus Børknes

Astrid Aarhus Børknes

Ordførar

  
Øyvind Stang

Øyvind Stang

Kultursjef

  
Einar Vatne

Einar Vatne

Leiar